



"Snute" let seg ikkje stoppa av eit gjerde når ho vil ut på tur. (Foto: Helene Huse Bjørnebøle)

**Geita "Snute" er kjæledegga til alle i Dønhaug Gardsbarnehage. Ho vart født i mai og er svært selskapeleg anlagt.**

Stor var derfor oppstandelsen då ho vart meldt sakna etter helga som var. Men overraska var barnehagefamilien eigentleg ikkje, for "Snute" er sprek og spretten som geiter flest. Eit over to meter høgt gjerde er inga garanti mot rømming.

Onsdag var det stor ettersøking utan resultat. Difor vart det laga eit oppslag på butikken, med denne ordlyden: "Hei alle sammen! Har dåke sett geita vår. Den er kvit med orange halsbånd og vane med folk! Om dåke har sett den ver så snill og ring oss på telefon 47 44 91 35. Helsing alle oss i gardsbarnehagen"

Og oppslaget ga faktisk resultat. Torsdag vart det meldt til barnehagen at "Snute" var observert saman med villsauene til Olav Bringedal som akkurat no går lenger oppe på Kjærlandssido, nærare bestemt i beiteområdet til Hans Reidar Kjærland.

Med andre ord hadde "Snute" gjeve seg ut på ei heller lang utflukt. Men ho har tydelegvis vener i villsauflokken. Ho har søkt saman med dei også ein gong tidlegare, fortel dei ved gardsbarnehagen, opprømte etter at denne historia får ein så lykkeleg slutt.

Slutten kjem i helga. Då vil "Snute" bli henta ned att til gardsbarnehagen etter ein litt tidleg juleferie.....

Av Ola Matti Mathisen